



MELAND KOMMUNE

Utlysning av funksjon som leiande reinhaldar, intern utlysning

Frå 1. oktober 2017 er funksjonen om leiande reinhaldar for dei kommunalt tilsette reinhaldarane ledig. Funksjonen blir knytt til ein eksisterande fast 100 % reinhaldarstilling. Det er ein føresetnad at den som overtar funksjonen har fagbrev som reinhaldar. Avdelingsleiar for Eigedom, Anlegg og Beredskap er næraste overordna.

Funksjonen omfattar koordineringsansvar for arbeidsoppgåvene knytt til reinhald på sjukeheimen, Lerketunet, helsestasjonen og legesenteret og til vaskeridrifta. Ansvaret vil omfatte koordinering av oppgåvene, ferieavvikling, innkjøp av nødvendig kjemikalie/papirvarer/arbeidsklede, arbeidsstyring og tilkalling av vikarar.

Den som overtar funksjonen vil få lønsplassering i stillingskode 7003 «Arbeidsleder/formann».

Det er ønskjeleg å få tilbakemelding frå den/dei som er villig til å ta over funksjonen innan 25.06.2017. Dersom det er fleire som melder seg, vil ansiennitet bli vektlagt ved utvelging.

Søknaden må sendast til postmottak@meland.kommune.no eller per post til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

Søknadsfrist: 25.06.2017